

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 18.08.2016  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Hanne Løvereide Årstad  
**SAKA GJELD:** **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndighetskrav i perioden 04.06.2016 - 18.08.2016**

**ARKIVSAK:** 2016/2463  
**STYRESAK:** **089/16**

**STYREMØTE:** **07.09. 2016**

### Administrerende direktør si orientering pkt. 2

#### Oversikt over aktuelle lover i perioden 04.06.16 - 18.08.16

| Lov                                      | Dato for kunngjøring | Kva lova/endringa gjeld  |
|--|----------------------|--|
| Lov om endringar i psykisk helsevernlova | 10.06.2016           | <p>Det er gjort endringar i lova sitt kapittel 4 om gjennomføring av psykisk helsevern. ( kontroll for å hindre innføring av uønskete gjenstandar.)</p> <p>Endringane gjer større rom for å føre sikkerheitskontrollar i det psykiske helsevernet.</p> <p>Det er opna for at døgninstitusjonar kan innføre rutinekontroll av pasientar. Rutinekontroll kan berre innførast når det er nødvendig for å ivareta sikkerheten eller av omsynet til helsehjelpen. Mindre inngripande tiltak skal vere vurderte.</p> <p>I tillegg er det ei utviding av dagens høve til å kontrollere med bakgrunn i grunngjeven mistanke.</p> |

|   |            |   |
|---|------------|---|
|   |            | Lova gjeld frå 1. juli 2016.  |
| Lov om endringar i forvaltningslova                 | 10.06.2016 | <p>Det er innført forbod mot å nytte barn som tolk. Unntak kan gjerast når det er nødvendig for å unngå tap av liv eller alvorleg helseskade eller i andre naudsituasjonar. Unntak kan også gjerast der det ut frå omsynet til barnet og omstenda rundt gjer det forsvarleg.</p> <p>Lova gjeld frå 1. juli 2016.</p>  |
| Lov om endringar i lov om offentleg støtte m.m      | 10.06.2016 | <p>Det blir innført registreringsplikt i register for offentleg støtte som kommer innunder EØS- avtalen artikkel 61 (1)</p> <p>Det inneber at støtte gitt av statsmidlar i ein kvar form, som vrir eller truer med å vri konkurransen ved å begunstige enkelte føretak eller produksjonen av enkelte varer skal registrerast i eige register.</p> <p>Lova gjeld frå 1. juli 2016.</p> |
| Lov om endringar i pasient- og brukerrettighetslova | 17.06.2016 | <p>Innføring av rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester. Vilkåret er at det etter ein helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste tilbodet som kan sikre pasienten eller brukaren nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester.</p> <p>Lova gjeld frå den tid Kongen bestemmer.</p>                            |
| Lov om endring av juridisk kjønn                    | 17.06.2016 | <p>Innføring av rett til å endre juridisk kjønn.</p> <p>Person som er busett i Norge og som opplever å høyre til det andre kjønn enn det vedkommande er registret med folkeregisteret har rett til å få endra juridisk kjønn.</p> <p>Lova gjeld frå 01.07.2016</p>  |
| Lov om endring i pasient- og brukerrettighetslova   | 17.06.2016 | <p>Det er vedtatt ei utviding av retten til fritt behandlingsval. Rett til fritt behandlingsval skal no også omfatte rehabiliteringsinstitusjonar.</p> <p>Dette inneber at pasientane no også har rett til å velje</p>  |

|                                       |                   |   |
|---------------------------------------|-------------------|---|
|                                       |                   | <p>mellom alle private rehabiliteringsinstitusjonar i landet.</p> <p>Lova gjeld frå den tid Kongen bestemmer.</p>   |
| <p>Lov om offentlege anskaffingar</p> | <p>17.06.2016</p> | <p>Dei viktigaste endringane i lova er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ei ny og meir kortfatta formålsføresegn</li> <li>• Utviding av lova sitt virkeområde til også og omfatte tenestekonsesjonskontraktar</li> <li>• Ei ny og enklare føresegn om grunnleggjande prinsipp som gjeld i alle anskaffingar</li> <li>• Ei ny føresegn om å ivareta miljø, grunnleggjande menneskerettigheitar, og andre omsyn til samfunnet i offentlege anskaffingar</li> <li>• Ei ny føresegn om krav til bruk av lærlingar</li> <li>• Klagenemnda sin kompetanse til å ileggje overtredelsesgebyr ved ulovlege direkte anskaffingar blir på ny innført</li> </ul> <p>Det blei også tatt inn ei eiga føresegn om at det skal kome særskilte reglar i forskrift om anskaffingar av helse- og sosiale tenester.</p> <p>Lova gjeld frå den tid Kongen bestemmer. Frå samme tid blir lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser oppheva.</p> <p>Departementet kan gi forskrift om overgangsregler.</p> |

**Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 04.06.16 – 18.08.16**

| Forskrift                             | Dato for kunngjering | Kva forskrifta/endringa gjeld  |
|---------------------------------------|----------------------|--|
| <p>Endring i legemiddelforskrifta</p> | <p>06.06.2016</p>    | <p>Legemiddel som skal nyttast i behandling av nikotinavhengigheit eller naturleg håravfall gjer ikkje lenger førehandsgodkjent refusjon. Det kan heller ikkje ytast stønad til desse legemiddel etter blåreseptforskriften.</p> |

|   |            |   |
|---|------------|---|
|   |            | Forskrifta er trådt i kraft.  |
| Forskrift om offentlige anskaffelser (anskaffelsesforskrifta)           | 18.08.2016 | <p>Det er vedtatt tre nye forskrifter om offentlege anskaffingar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Anskaffelsesforskrifta</li> <li>• Konesjonskontraktforskrifta</li> <li>• Forsyningsforskrifta</li> </ul> <p>I tillegg er det vedtatt endringar i forskrift om klagenemnd for offentlige anskaffingar.</p> <p>Målet har vore å gjere offentlege anskaffingar enklare.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Enklare prosedyrar</li> <li>• Enklare krav til dokumentasjon</li> <li>• Større adgang til å velje konkurranse med forhandlingar</li> <li>• Den nasjonale terskelverdi hevast</li> <li>• Enklare og meir fleksible reglar for helse- og sosialtenester</li> </ul> <p>Det er ikkje gjort unntak for anskaffingar frå ideelle organisasjonar. Regjeringa meddelte i samband med kunngjeringa at dei ønskjer å nytte dei moglegheitene EØS-reglane gir for å leggje til rette for at ideelle organisasjonar fortsatt skal vere viktige leverandørar av helse- og sosialtenester.</p> <p>Departementet er i gang med å innhente ein juridisk utgreiing som skal vurdere om dette handlingsrommet er større enn hittil antatt.</p> <p>Forskrifta trer i kraft når departementet bestemmer. Nærings- og fiskeridepartementet har varsla at ein tek sikte på at dei nye reglane tek til å gjelde frå 1. januar 2017.</p> |
| Forskrift om konsesjonskontrakter (konesjonskontraktforskrifta)         | 18.08.2016 |   |
| Forskrift om innkjøpsregler i forsyningssektoren (forsyningsforskrifta) | 18.08.2016 |   |
| Forskrift om klagenemnd for offentlige anskaffelser                     | 18.08.2016 |   |

**Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 04.06.16 – 18.08.16**

| Myndigheitskrav                                | Dato       | Kva saka gjeld  |
|--|------------|---|
| Føretaksmøte i Helse Vest RHF                  | 22.06.2016 | <p>Det blei den 22.juni 2016 gjennomført føretaksmøte for behandling av sak om endring av driftskredittramma.</p> <p>Driftskredittramma for Helse Vest RHF blei auka med 770 millionar kroner. Helse Vest si driftskredittramme blei sett opp frå 345 millionar til kr 1115 mill. kroner.</p> <p>I tillegg blei oppfølging av arbeidet med «ein innbyggjar – ein journal» behandla.</p> <p>Føretaksmøtet ba Helse Vest RHF om:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• å bidra i Helse Midt- Noreg RHF sitt arbeid med «Helseplattformen».</li> <li>• Sikre aktiv deltaking i det nasjonale utgreiingsarbeidet i regi av Direktoratet for e- helse for å oppnå best mogleg samhandling mellom ei nasjonal løysing for kommunane og dei regionale løysingane i spesialisthelsetenesta.</li> </ul> |
| Tilleggsdokument til Oppdragsdokument for 2016 | 30.06.2016 | Tilleggsdokumentet blir lagt fram for styret i eiga sak.  |